



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Ordføreren/Jon Askeland
Vår referanse: 15/1670 - 11 / FE - 131, FA - N00
Dato: 19.05.2017

Emne: Vedk. etterslep fylkeskommunale vegar og spørsmål vedk. Alversund bru

Til Hordaland fylkeskommune

Manger, 16. mai 2017

Vedk. vedlikeholdsetterslep på fylkesvegar og spørsmål vedk. Alversund bru.

Radøy kommunestyre har gitt formannskapet i oppdrag å følgja opp desse sakene i brev form til dykk.

1. Vedlikeholdsetterslep på fylkesvegane i kommunen.

Radøy formannskap noterer med tilfredsheit at FV 565 på strekninga Hilland – Lyseknappen får nytt dekke i år.

Likevel er det stor trong for dekkelegging på langt meir av fylkesvegane i kommunen. Nokre av fylkesvegane i kommune i så dårleg stand at me oppmodar fylkeskommunen om å leggja asfalt eller fresa vegbana for å betra køyrebana dette året.

Dette gjeld særleg det som er kategorisert som øvrig fylkesvegnett. Me meiner at pt er det kritisk dårleg tilstand på dekket Fv 409 Bøvågen – Rossnes, Fv 409 Byrkjeland – Kvalheim, Fv 413 Ystebø – Valdernesnes, FV 412 Haukåsen og Fv 565 Taule – Lunde. Deler av Fv 411 Manger – Bøvågen er også særst dårleg.

Vidare har me notert oss at det i følgje planen som var lagt ut på nettet, så skulle det asfalterast langt meir FV i Radøy i 2015, enn det som vart gjort. Me veit at dette i staden vart asfaltert i andre kommunar. Me undrar oss over at vegeigar gjorde ei slik omprioritering etter at det var offentleggjort kva som skulle dekkeleggast det året. Me ber Fylkeskommunen dekkelegga dei strekningane på Radøy som var planlagt, men ikkje gjennomført i 2015.

2. Alversund bru.

Radøy kommune helsar velkomen at fylkeskommunen har fatta eit endeleg vedtak om Alversund bru. Det gleder me oss over, og er noko radværingane har venta lenge på å få ei avklaring på. Det er flott at den uvissa som lenge har rådd om levetid/nybygg no er avklart, og at det alt innan 10 år vert bygd ny bru, som tilfredsstillar dagens krav til funksjonalitet og bereevne. Det hastar å få på plass ny og betre bru, då dagens bru er eit hinder både for trafikkavviklinga som er i dag, og hindrar vidare vekst og utvikling.

Me merkar oss at vedtaket seier at finansiering av ny bru vert å koma tilbake til. Radøy kommune gjev klart uttrykk for at det å ta stilling til finansiering på seinare tidspunkt uansett inneber at dette er eit fylkeskommunalt ansvar.

Med helsing
Radøy kommune
Formannskapet

Jon Askeland
ordfører